



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Florø Hamn
Dato: 16.11.2022
Tid: Kl. 08:45 - 11:20

Følgjande medlemmer møtte **Parti**
Helen Hjertaas Kinn AP
Bjørn Hollevik Kinn H
Aud Norunn Vig Kinn KrF

Forfall **Parti** **Varamedlem** **Parti**
Kjell Heggen UAH
Tom André Vedvik Hopland UAH

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Bjørn Hollevik	22/56089		Ingen tilgjengelige vara.

Møtenotater:

Andre som møtte

Vest kontroll:
Jostein Støylen, dagleg leiar.
Astrid Landsverk Sande, konsulent.


Vestland revisjon:
Bjarte Urnes, oppdragsansvarleg revisor. I sak OS008.

Det var utfordringar med å få kobla til opptak av møtet. Det fungerte ved opninga av møtet, deretter tok utvalet orientering og synfaring på bygget med hamnesjef Linda Mortensen Midtbø. Då kontrollutvalet var tilbake på møteromet var opptaket ute av funksjon og var uråd å få opp igjen. Kontrollutvalet blei då einige om at ein gjekk fram med møtet utan opptak, som var einaste alternativet for å få gjennomført møtet.

Bjørn Hollevik
Nestleiar (fungerande leiar på dette møtet)

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
043/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
044/22	Godkjenning av møteprotokoll
007/22	Orienteringsbesøk Florø Hamn
045/22	Refererte skriv og meldingar
018/22	Referat frå orienteringsbesøk hjå Havhesten
008/22	Finansiell revisjon 2022
046/22	Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding Aksello AS 2021
047/22	Vedtaksoppfølging
048/22	Saker til eventuell seinare behandling



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56128
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.


Kontrollutvalet 16.11.2022:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOUT- 043/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/54801
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 31.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kontrollutvalet 16.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOUT- 044/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kontrollutvalet - 18.10.2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56095
Sakshandsamar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Orienteringsbesøk Florø Hamn

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek omvisinga og orienteringa til vitende.

Kontrollutvalet 16.11.2022:

Handsaming:

Hamnesjef Linda Mortensen Midtbø ga kontrollutvalet omvsnig på anlegget og ga ei generell orientering.

KOUT- 007/22 Vedtak:


Kontrollutvalet tek omvisinga og orienteringa til vitende.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjer seg kjend med dei kommunale verksemdene.

Saksopplysningar:

Hamnesjef Linda Mortensen Midtbø gir kontrollutvalet ei omvising samt ei generell orientering.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56129
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

018/22, Referat frå orienteringsbesøk hjå Havhesten

Kontrollutvalet 16.11.2022:

Handsaming:


Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOUT- 045/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56082
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Finansiell revisjon 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Kontrollutvalet 16.11.2022:

Handsaming:

Oppdragsansvarleg revisor Bjarte Urnes orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som vert lagt på saka. I orienteringa vart det særleg lagt vekt på risikoområda. Det vart peika spesielt på innkjøp som eit risikoområde. Ein var innom kommunen sine budsjettendringsprosessar gjennom året. Dette vil kontrollutvalet kome tilbake til i PS048/22. Når det gjeld etterlevingskontroll vil revisjonen fokusere på kommunen si gjeldsforvaltning.

KOUT- 008/22 Vedtak:


Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Saksopplysningar:

Oppdragsansvarleg revisor Bjarte Urnes orienterer om opplegget for finansiell revisjon for revisjonsåret 2022. Han vil gjerne drøfte og få tilbakemelding på risikoområder frå kontrollutvalet.

Vedlegg i saken:

Presentasjon i KU 16 nov 2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56089
Sakshandsamar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding Aksello AS 2021

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for Aksello AS 2021 til vitende.

Kontrollutvalet 16.11.2022:

Handsaming:

Bjørn Hollevik melde på førehånd at han meiner å vere inhabil i denne saka grunna hans tilhøve til Aksello AS. Kontrollutvalet kjende Bjørn Hollevik inhabil jf. kommuneloven §11-11. Kontrollutvalet valde Helen Hjertaas som møteledar i denne saka.

KOUT- 046/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for Aksello AS 2021 til vitende.

Bakgrunn for saka:

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval §13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding for selskapet, slik at utvalet kan følgje med i utviklinga.
- Daglege leiar var i Kontrollutvalet og orienterte i fjor haust. Slik selskapet sin daglege leiar vurderer det, er det ikkje spesielle forhold i selskapet, ut over det som kjem fram av dokumenta. Vi tenker derfor å avgrense kontrollen i år til at Kontrollutvalet får framlagt dette saksframlegget med vedlegg utan orientering av dagleg leiar.

Saksopplysningar:

- Selskapet sin visjon er å bidra til å skape og sikre berekraftige forretnings-idèar og arbeidsplassar gjennom bedriftsetableringar og styrking av eksisterande næringsliv. Selskapet sine hovudarbeidsoppgåver er hjelp og forretningsutvikling til gründerar som startar nye selskap og etablerte bedrifter som knoppskyt nye forretningsområder.
- Formålet er å vere kommunal næringsutviklingsaktør for Kinn Kommune og å vere fylkesdekkande inkubator. Selskapet er såleis saman med Måløy Vekst Kinn Kommune sitt næringsapparat i 1. linjetenesta. Aksello forvaltar næringsfondet for heile Kinn Kommune. Vidare skal selskapet skape møteplassar for næringslivet og drive med aktivitetar for å sikre rekruttering.
- Selskapet er deleigd aksjeselskap der Kinn Kommune eig 200 av 2250 aksjar, dvs. 8,8 %. Ordføraren er styremedlem. SIVA er største eigaren med 31 % etter emisjonen i 2020.
- Inntektene utgjer ca. kr 7,5 mill. Kr. 7,7 mill. i 2020. Kr. 7,5 mill. i 2019 og 7,3 mill. i 2018.
- Årsrekneskapen viser eit overskot på 212 000, mot kr. 88 400 i 2020. I 2019 var det underskot på kr 357 000 og i 2018 kr 232 000.
- Overskota i 2021 og i 2020 er overført til annan eigenkapital.
- Auke i aksjekapitalen på kr. 500 000 i 2020 som følgje av emisjon.
- Selskapet er friteken frå skatteplikt.
- Aksello AS har tre faste tilsette og engasjerer eksterne rådgjevarar og prosjektleiarar ved behov.
- Selskapet flytta til nye lokaler i Peak Florø i 2021.

- I 2021 jobba selskapet mykje med å sikre at næringslivet i kommunen fekk nytte av kompensasjonsordningane i høve Covid-19.
- I 2022 har selskapet søkt om nye 10 års program hos Siva. Vidare har selskapet hatt nok ein emisjon der SFE og Norwell har blitt aksjonærar.
- Selskapet vil løfte FN sine berekraftsmål og grøn næringsutvikling. Det blir jobba for å bli miljøsertifisert innan 2023.
- Selskapet ser eit stort framtidig potensiale i kystnæringane.


Vurdering:

- Tidlegare års underskot gjer at annan eigenkapital er negativ med kr. 21 687.
- Pga. aksjekapitalen er total eigenkapital 31.12.2021 på 2,2 mill. Sum eigenkapital utgjer 45 % av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) ved utgangen av 2021. Dette nøkkeltalet blir kalla eigenkapital-andel eller soliditet, og seier noko om kva støtpute selskapet har for å tåle tap. Pr. 31.12.20 var dette nøkkeltalet 54 %. Dette er solide eigenkapitalandelar.

Dersom medlemmane i Kontrollutvalet har spørsmål, blir det vidareformidla til dagleg leiar.

Vedlegg i saken:

- 1 Årsregnskap 2021 - signert
- 2 Revisors beretning
- 3 Aksello årsrapport 2021
- 4 Uttalelse_fra_ledelsen 2021
- 5 Styresak 28_22 Årsrekneskap 2021
- 6 Signert Protokoll Generalforsamling Aksello 9. juni 2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56126
Sakshandsamar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Vedtaksoppfølging

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Kontrollutvalet 16.11.2022:

KOUT- 047/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Bakgrunn for saka:

Sakar som må følgjast opp vidare er merka i vedtaksoppfølginga.

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vedlegg i saken:

Vedtaksoppfølging



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/56102
Sakshandsamar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 10.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/22	Kontrollutvalet	16.11.2022

Saker til eventuell seinare behandling

Kontrollutvalet 16.11.2022:

Handsaming:

Kontrollutvalet viser til at dei tidlegare har tatt opp utfordringa med refusjonskrav frå NAV på sjukepengar. Utvalet ynskjer ei oppdatering frå kommunen om dette er ei utfordring no, eller om alt fungerer slik at sjukepengane vert refunderte.

Kontrollutvalet drøfta dette med budsjett og meirforbruk samt tidspunkt for budsjettendringa. Og om praksisen er i samsvar med gjeldande lov og reglar. Diskusjonen omfavna både drift og investerings.

Medlemmar i kontrollutvalet hadde fått inn bekymring for mulig rusmisbruk på skular kommunen, spesielt vart det nemnt Florø ungdomsskule. Kontrollutvalet ynskjer på neste kontrollutvalsmøte å få ei orientering om det er hald i det som utvalet har fått melding om.

KOUT- 048/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektør og kontrollar om orientering på status for 2022 når det gjeld refusjon på sjukmeldingar frå NAV.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om tidspunkta for budsjettjusteringar på drift og investering.
3. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør og kommunalsjef oppvekst orienterer om rusmisbruk på skulane i kommunen. Utvalet ber spesielt om orientering frå rektor på Florø ungdomsskule.

Saksopplysningar:

Sekretariatet har ikkje motteke opplysningar om saker til seinare behandling.